

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Egge

Emne: Juletre og julehalm Bygdelag:

Oppskr. av: Sverre Aune Gard:

(adresse): Sneve pr. Steinkjer G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. naka eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

To kvinner 78 og 75 år, heimstad: Egge.

## SVAR

- 1) ja
- 2) Å ha juletre i heimane byrja så smått å bli brukkeleg i 1890-åra. På nokre storgardar i bygda som høyrde til embetsfolk var juletreet i bruk tidlegare. Men det har ikkje lykkast å tidfesta når det først var juletre i desse heimane.
- 3) Første gong det her i krinsen (Austli skolekrins i Egge) var juletreffest på skolen var først i 1880-åra. Ei av dei som da var skolebarn sa, at det var første gongen ho såg juletre. Og truleg var det likeins med dei andre barna.
- 4) Å pynte stua med grøne kvister, halmkraner eller papirpynt var ikkje brukkeleg her før i tida.
- 5) No derimot blir det brukt i mange heimar. Slikt som gylte klakker under lamper, kaløst papir i lenker under taket e. l.
- 6) Starleiken på juletraa er så ymse alt etter som det er plass til. Det kan vera frå riktig småe tre på ein halv meter oppover til litt over to meter.

- 7) Pjynter er stjerne eller spjyt i toppen, glaskuler (som no held på å bli mindre brukt), karger av kalørt papir, kalørte papirstimler eller lenker, glitrande tråd og linnull, små flagg og lys. Den første tida dei hadde juletre var pjynter mest berre kalørt papir og lys. Ei tid var det skikken det skulle vera så overlag med pjynt på juletreet. No held det på å bli vanleg med meire enkel pjynt.
- 8) Der det er barn, er det for det meste dei som pjyntar juletreet.
- 9) Dei store juletra står på galvet. Dei mindre på eit bord eller ein krakk alt etter storleiken på treet.
- 10) Somme tender juletrelys julekvelden, andre første gangen juledagskvelden. Og sia kan lysa bli tenkt t. d. Høytidens andredagskvelden, nyårsaften og tre-kongerskvelden.
- 11) Der det er barn, er det vanleg å gå kring juletreet ein eller fleire gong i jula. Ein ung da dei vanlege, kjente julesalmane.
- 12) juletreet står for det meste inne til tjuandedagen. Her somme enda lenger.
- 13) Det er barna som høster juletreet og kaster det ut.
- 14) Som juletre blir alltid brukt gran.
- 15) Da bygda er rike på granskog, har her aldri varti laga kunstige juletre.
- 16) nei.
- 17) nei. Men det har truleg vore brukt ein gong. Her høyrde sagt at det var skikken å sone i halmes på galvet julenatta.